

## MINIMUMSTELJING AV REIN I NORDFJELLA FREDAG 13. FEBRUAR 2009

Det vart nytta to fly, eitt med utgangspunkt Sogndal lufthamn Haukåsen, og eitt med utgangspunkt Klanten på Golsfjellet.

	<b>Fly nr. 1</b>	<b>Fly nr. 2</b>
Flytype	Cessna 172	Cessna 172 MTM
Flygetid	3 t. 25 min.	3 t.
Flygar	Kjell Arne Tobru	Asle Østerhus
Fotograf	Harald Skjerdal	Øystein Flaget
Loggførar	Lars A. Nesse	Ivar Stave

**Ver- og teljetilhøve:** Noko skodde i området Sogndal lufthamn – Bleia og i Flåmsdalen, elles strålende ver i teljeområdet. Omlag ei veke sidan siste snøfall, og mykje spor å sjekka.

**Metode:** Alle flokkane vart fotograferte, og bileta tolka på PC i programmet Microsoft Paint, der kvart dyr vert haka ut under oppteljinga. Det ligg føre GPS-logg frå begge flya.

### Resultat:

<b>Flokknr.</b>	<b>GPS-koordinat</b>	<b>Stad</b>	<b>Flokk- storleik</b>	<b>Merknad</b>
1	0415838 6768494	Grånosi - Breisete	85	Simle nr. 33 og 34 er i flokken.
2	0430985 6765830	Tingstovnosi	402	
3	0434766 6763830	Gravehovdane	417	Simle nr. 24, 32 og 35 er i flokken.
4	0439621 6769714	Bringa	143	
5	0440849 6767198	Grytingen	177	
6	0441694 6768184	Kaldevassryggen	45	Bukkeflokk.
7	0435842 6733153	Skorpa	95	Mest bukk.
8	0401192 6743139	Roaldshovden	325	
9	0403882 6744669	Skorvi - Gudmedalen	104	
10	0402696 6744019	Brimtvora	24	Bukkeflokk
11	0400519 6735320	Reinsnosi – Tarven	131	
12	0441163 6722977	Bukkehalli	40	Bukkeflokk
13	0426213 6726629	Skarvåtjørnan	60	
		<b>SUM NORDFJELLA:</b>	<b>2048 dyr</b>	

I tillegg vart det funne to flokkar sør for Bergensbana; ein bukkeflokk på 9 ved Urdshovd (Myrdal), og ein blandingsflokk på 155 dyr ved Svartrandane, vest for Hardangerjøkulen.

